

## Tabell B-k

### Inntektsgarantiordning. Kommunane

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansieringa av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar frå alle kommunar.

Inntektsgarantiordninga ser på den totale endringa i rammetilskotet. Kommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre forhold.

Endringar i inntektsutjamnande trekk/tilskot som følgje av endra skatteutjamning eller skatteinngang blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønstilskotet, veksttilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-k) blir heller ikkje kompensert gjennom INGAR, sidan dette er tilskot som blir gjeve til særskilde formål eller i ein tidsavgrensa periode.

Kommunar som slår seg saman får kompensasjon for bortfall av inntekter som følgje av samanslåinga. Kompensasjonen gjeld bortfall av basistilskot, regionalpolitiske tilskot og eventuelle meirkostnader som følgje av auka arbeidsgjevaravgift. Kompensasjonen blir i sin heilskap gjeve gjennom inndelingstilskotet, og vil også inngå i grunnlaget for berekning av inntektsgarantiordninga i inntektssystemet. Kommunar som slår seg saman får dermed ikkje kompensasjon både gjennom inndelingstilskotet og INGAR.

Inntektsgarantiordninga for 2016 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2015. Dette rammetilskotet blir korrigert for skjønstilskot i 2015, saker med særskild fordeling i 2015 (saker i tabell C-k) med unntak av inndelingstilskotet, veksttilskotet i 2015, korreksjonar og inngåande fordeling av tilskot som blir innlemma i inntektssystemet i 2016. Rammetilskotet til kommunane i 2016 blir korrigert tilsvarande for skjønstilskot i 2016, saker med særskild fordeling i 2016 med unntak av inndelingstilskotet og veksttilskotet i 2016. Deretter blir den korrigerede veksten frå 2015 til 2016 berekna, på landsbasis og for kvar einskild kommune.

Den korrigerede veksten på landsbasis frå 2015 til 2016 er på 202 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -98 kroner per innbyggjar, får kommunen tilskot gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på -98 kroner per innbyggjar. I tillegg må alle kommunar vere med å finansiere INGAR gjennom eit trekk i innbyggjartilskotet. INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartal per 1. juli 2015.

### Kolonne 1 – Rammetilskot 2015

Kolonne 1 viser rammetilskot til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2015, eksklusive ufordelt skjønn.

## **Kolonne 2 – Skjønstilskot 2015**

Kolonne 2 viser skjønsmidler fordelt av fylkesmannen og skjønsmidler fordelt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011, for 2015. Kolonnen inneheld ikkje ufordelte skjønsmidler m.m. Skjønstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2015 i berekninga av INGAR.

## **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2015**

Kolonne 3 viser fordelinga av sju enkeltsaker med særskild fordeling i 2015. Fordelinga i kolonnen er ytterlegare dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2015 og i rundskrivna H-1/15 og H-11/15 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

## **Kolonne 4 – Veksttilskot 2015**

Kolonne 4 viser veksttilskotet i 2015. Tilskotet er dokumentert i tabell D-k i Grønt hefte 2015.

## **Kolonne 5 – Inndelingstilskot 2015**

Kolonne 5 viser inndelingstilskotet i 2015. Tilskotet er ein del av saker med særskilt fordeling (kolonne 3), som blir halde utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga. Inndelingstilskotet blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga, etter at saker med særskild fordeling er trekt frå.

## **Kolonne 6 – Sum innlemmingar med inngåande fordeling**

Kolonne 6 viser anslag på fordelinga av det øyremerkte tilskotet til etablering og drift av augeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunane i 2015. Anslaget er utarbeidd på bakgrunn av tal for den kommunevise fordelinga av tilskotet i 2012 (tal frå Helse- og omsorgsdepartementet/Helsedirektoratet). Den kommunevise fordelinga av tilskotet har vore stabil sidan 2012. Tilskotet blei innført i samband med utbygging av augeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunane. Frå og med 1. januar 2016 blir det øyremerkte tilskotet innlemma i rammetilskotet, og fordelt etter delkostnadsnøkkelen for pleie- og omsorgstenester.

For Bergen kommune inkluderer kolonnen i tillegg 4,757 mill. kroner som blei fordelt til kommunen gjennom tabell C-k i Grønt hefte 2015. Midlane er knytte til overføringa av Hunstad skole frå Statped til Bergen kommune frå skuleåret 2014/2015. Som varsla i Grønt hefte 2015 vil midlane bli fordelte gjennom kostnadsnøkkelen frå og med 2016.

Rammetilskotet for 2015 blir korrigert for den inngåande fordelinga i 2015 av desse innlemmingane i utrekninga av inntektsgarantiordninga for 2016.

## Kolonne 7 – Summen av korreksjonar i 2016

Kolonne 7 viser summen av endringar i rammetilskotet i 2016 som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2016.

Korreksjonar i 2016 (beløp i 2015-kroner)	(1000 kr)
Valkort, heilårseffekt	9 000
Auka makspris foreldrebetaling barnehage, heilårseffekt	-131 100
Nasjonalt minstekrav foreldrebetaling barnehage, heilårseffekt	156 008
Adopsjonsutreiing i barnevernet, heilårseffekt	-500
Brukarstyrt personleg assistanse, heilårseffekt	200 000
Gratis kjernetid i barnehage, heilårseffekt	52 580
Adm. utgifter innføring nasjonalt minstekrav foreldrebetaling barnehage	-41 708
Representantskapsforslag om auka norsk innsats ifm. krise i Syria	7 108
Likeverdig behandling kommunale og private barnehagar	175 268
Endring finansiering av ikkje-kommunale barnehagar	-329 114
Ny naturfagstime	75 560
Overføring av skatteinnkrevjingsfunksjon til staten	-613 437
IKT-modernisering i Husbanken (SIKT)	-10 906
Auke i elevtal statlege og private skular	-106 134
<b>Sum endringar</b>	<b>-557 375</b>

Tabellen over gjev ei oversikt over dei ulike sakene det blir korrigert for i 2016. Merk at beløpa i tabellen over er i 2015-kroner. Sjå Prop. 1 S (2014–2015) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein nærare omtale av sakene rammetilskotet er korrigert for.

## Kolonne 8 – Korrigert rammetilskot 2015

Kolonne 8 viser korrigert rammetilskot for 2015. Kolonnen er kolonne 1 trekt frå kolonnane 2–4, pluss kolonnane 5–7. Kolonnen er grunnlaget for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2015 til 2016.

## Kolonne 9 – Rammetilskot 2016 (før INGAR)

Kolonne 9 viser rammetilskot til kommunane i 2016, eksklusive ufordelt skjøn og ei ufordelt sak med særskilt fordeling, før utrekning av inntektsgarantiordninga.

## Kolonne 10 – Skjønstilskot 2016

Kolonne 10 viser skjøn fordelt av fylkesmannen og skjøn fordelt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011, for 2016 (jf. tabell 1-k, kol. 7 og 8). Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjøn m.m. Skjønstilskot inngår ikkje i utrekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2016 i berekninga av INGAR.

## Kolonne 11 – Saker med særskild fordeling 2016

Kolonne 11 viser fordelinga av seks enkeltsaker med særskild fordeling. Saker som ligg i tabell C-k skal ikkje inngå i utrekninga av inntektsgarantiordninga, og rammetilskotet for 2015 må korrigerast for dette. Kolonnen inkluderer ikkje tilskot til forsøk med ny oppgåvefordeling i barneverne, som er løyva med ei særskilt fordeling. Desse midla er

ikkje fordelt enno, og blir vist som ufordelte midlar i tabell C-k. Fordelinga i kolonne 11 er ytterlegare dokumentert i tabell C-k.

### **Kolonne 12 – Veksttilskot 2016**

Kolonne 12 viser veksttilskotet i 2016 (jf. tabell 1-k, kol. 5). Veksttilskotet inngår ikkje i inntektsgarantiordninga, og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2016 før utrekninga av ordninga.

### **Kolonne 13 – Inndelingstilskot 2016**

Kolonne 13 viser inndelingstilskotet i 2016. Tilskotet er ein del av saker med særskilt fordeling (kolonne 11), som blir halde utanfor utrekninga av inntektsgarantiordninga. Inndelingstilskotet blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga, etter at saker med særskild fordeling er trekt frå.

### **Kolonne 14 – Korrigert rammetilskot 2016**

Kolonne 14 viser rammetilskotet til kommunane i 2016, korrigert for skjønstilskot i 2016, saker med særskilt fordeling i 2016, veksttilskot i 2016 og inndelingstilskot i 2016. Kolonnen er kolonne 9 minus kolonnane 10–12, pluss kolonne 13.

### **Kolonne 15 – Absolutt korrigert vekst 2015–2016 (i 1000 kr)**

Kolonne 15 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2015 til 2016. Veksten er vist i 1000 kroner. Kolonnen er kolonne 14 minus kolonne 8.

### **Kolonne 16 – Absolutt korrigert vekst 2015–2016 (kr per innb.)**

Kolonne 16 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2015 til 2016. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartal per 1. juli 2015. Gjennomsnittleg vekst på landsbasis er 202 kroner per innbyggjar. Det gjev ei vekstgrense for å få inntektsgarantitilskot i 2016 på -98 kroner per innbyggjar ( $202 - 300 = -98$ ).

### **Kolonne 17 – Inntektsgarantiordning før finansiering (kr per innb.)**

Kolonne 17 viser inntektsgarantiordninga for 2016 i kroner per innbyggjar, før finansiering av sjølve ordninga. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn -98 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne vekstgrensa.

### **Kolonne 18 – Inntektsgarantiordning 2016 (kr per innb.)**

Kolonne 18 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2016 er finansieringa 57,3 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 19 – Inntektsgarantiordning 2015 (i 1000 kr)**

Kolonne 19 viser inntektsgarantiordninga i 2015 i 1000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 18 multiplisert med innbyggjartal per 1. juli 2015 (sjå tabell F-k, kolonne 2). Talet på inntektsgarantiordninga blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 5.